

# Vellukka Vestlandskappleik i Årdalstangen 14.-15. august 1971

Vestlandskappleiken i spel og dans vart avvikla på Årdalstangen 14. o g15. august, med Sogn Spelemannslag som tilskipar. Tevlinga vart halden i det nye og flotte samfunnshuset. Det var eit samfunnshus som Sognebygdene kan vera stolte av, med ei stor scene og god plass over det heile i bygget. Årskapa til silke tilstellingar og liknande store arrangement som krev stor plass. Det var god tilslutnad av tevlarar fordelt på dei ymse klassar og kvali teten må og seiast å vera god, både i spel og dans. Kappleiken vart opna kl. 15.30 med eit opningsnummer av Sogn Spelemannslag, deretter tale av ordføraren som yngste alle velkomen til denne kappleiken. Kappleiken vart leia av form. i Sogn Spelemannslag, Svein Skjerdal, og kappleiken vart greit avvikla. Om kvelden var det folkefest med gamaldans i ein sal i samfunnshuset, og spelemennene spela både i lag og solo, og ein fekk på nytt nyte godt av den fine folkemusikken. Sundag føremiddag var det eit gilt innslag med tur til Eidsbugarden, Årdal kommune hadde stilt gratis bussar til råvelde for stemnedeltakarane. Og denne turen vart ei oppleving for dei som var med på denne turen i dette ville og eigenarta landskapet. På ettermiddagen byrja så tevling i dans. Og for denne delen av kappleiken var det Harald Berge som var leiar. Premie utdelinga var så det siste på programmet, med ei mengd med fine premiar som telvlarane hadde glede av å få med seg heim som eit minne for god innsats. Svein Skjerdal avslutta så kappleiken med takk til alle som hadde gjeve premiar, deltakarane og publikum som hadde gjort dette til ein festleg og minnerik kappleik.

**Axel Heienberg, Bergen.**



**PREMIELISTE KLASSE A:**

1. pr.: Lars Skjervheim, Voss 276 p. Leif Rygg, Voss 268. Finn Vabø, Bergen 260,5 p.

2. pr.: Sjur Hesjevoll, Jostedal 256 p. Sigmund Eikås, Jølster 256. Jostein Fjærestad, Vik i Sogn 248,5. Oddmund Dale, Bergen 239.

**Hardingfele klasse B:**

1. pr.: Svein Skjærdal, Sogndal 228 p. Rikard Hilde, Sogndal 228 p.

2. pr.: Torolf Eldegard, Årdalstangen 197. Oddvar Rauboti, Årdalstangen 190. Svein Nesje, Stryn 196. Lars Brattabø, Nå 180.

**Hardingfele klasse C:**

1. pr.: Knut Hamre, Granvin 246 p. Axel Heiberg, Bergen 235 p. Minnepremie: Arve Takle, Brekke.

**Hardingfele klasse D:**

1. pr.: Anders Kjærland, Granvin 249 p.

2. pr.: Johan Lien, Bergen 223 p.

**Gjesteklasse klasse A:**

3. pr.: Olav Sire, Ål 223 p. Minnepremie: Ola Grihamar jr., Skogstad.

**Gjesteklasse klasse B:**

2. pr.: Sigurd Skrindo, Ål 217 p.

J. Berstad vandrepokal til Sjur Hesjevoll, Jostedalen. Jonas Myhres Vandrepokal og Lorentz Hop's pokal til Jostein Fjærestad, Vik Hops's pokal til odel og eige.

**Omframttevling:**

Jonas Myhres pokal for beste lydarslått til Leif Rygg, Voss.

**Kveding:**

1. pr.: Margrete Oppheim, Voss 45 p. Inger Fletre, Voss 42 p.

**Dans klasse A:**

1. pr.: Svanhild og Steinar Drøsdal, Bergen. Vestlandsspringar 83 p. Aslaug og Olav Einemo, Lærdal. Vestlandsspringar 83. Liv Gunn og Olav Bjortveit, Bergen Rudl 82. Anna og Lars Kreken, Jostedalsspringar 81. Liv Haukanes, Granvin og Tor H. Mannsåker, Odda. Sørfjordspr. 80,5 p. Liv Gunn og Olav Bortveit, Bergen. Vestlandsspringar 80,5. Tordis Seim og Jostein Meland, Voss, Vossarudl 80 p.

2. pr.: Steinar Drøsdal, Bergen. Vossarudl 75 p. Tordis Seim og Jostein Meland. Vossaspringar 72 p.

3. pr. Liv Haukanes, Granvin og T. H. Mannsåker, Odda. Rudl 69 p.

**Dans klasse B:**

1. pr.: Olina Hesjevoll, Jostedal og Konrad Espe, Årdalstangen. Jostedalsspringar 75 p.

2. pr.: Gulldis og Sigvald Skolnes, Voss, Rudl. 69 p. Brita og Sjur Gjerde, Jostedal. Jostedalsspringar 67 p. Arild Reite, Bergen. Halling 66 p.

**Dans klasse C.**

1. pr.: Guri Dale og Arne Midtun Kjerland. Sørfjordspringar 81 p.



Liv Gunn og Olav Bjortveit, Bergen. Finn Vabø spelemann.



Lars Skjervheim, Voss.

Knut Hamre, Granvin.



# *Kva er dans?*

Av Svein Hovet.

Etter spelemannsstemna i Kristiansand kan ein nok gjere seg ymse refleksjonar om kva dans er for noko, og det er tydeleg at aktørane på dette området har kvar si meining om den ting. For ein må vel gå ut frå at dei einskilde dansarar legg mest vekt på det som dei meiner er det viktigaste ved dansen. Når det gjeld Gangaren i Setesdal så har den som alt anna brigda seg gjennom tidene. I den gamle Setesdal tala folk om at den og den «dansa så vent». Med det meinte dei ikkje veldige spenn og sprett, nei, dei meinte faktene, sjølve kroppsføringa, korleis dansaren makta å la heile kroppen leve med i musikken, og det var dette som greip folk så dei sat der og mest heldt pusten. Det skulle gå stilt og lett og mjukt. Om det var aldri så stormande i eit danselag, så vart det straks kyrkjestilt når Stein Birkeland kom fram på golvet for å danse åleine. Han brukte ikkje nemnande av spenn eller sprett. Lange stunder kunne han stå på same flekken og berre svinge på seg, medan heile kroppen var liksom fyllt av musikk, og berre levde med i toneflaumen frå fela. Det var denne intense innlevinga som greip folk, og det var så stilt at ein kunne ha høyrt ei nål falle i golvet — om det då ikkje knirka litt i skorne til dansemeisteren!

Dei som har skapt Gangaren, og halde han oppe gjennom hundradtals år, har set det som eit mål å «danse



Anna og Lars Kretsen, Jostedal.

2. pyr.: Anna Torild Førsund og Magne Røynstrand. Vestlandsspringar 76 p. Inger Himle og Tomas Skålnes, Voss. Rudl 72,5. Anna Torild Førsund og Magne Røynstrand. Rudl 70.

3. pr.: Brita Årekol og Lars Sekse. Rudl. 69 p. Inger Himle og Tomas Skålnes. Vestlandsspringar 68.

**Dans klasse D:**

1. pr.: Anders Bjørk, Jostedal. Jostedalsspringar 81 p.

**Gjesteklasse A:**

1. pr.: Torill og Torleif Stave, Ål. Halingspringar 88 p. Tomas Steinsgård, Ål. Halling 87 p.

Peder Kolsrud, Ål. Halling 75 p.

**Gjesteklasse B:**

1. pr.: Helga og Peder Kolsrud, Torpo. Hallingspringar 84 p.

**Beste individuelle dansar:**

Anders K. Bjørk, Jostedal.

. . **Domar i spel:** Ola Grihamar, Skogstad, Jostein Mæland, Voss, Sverre Volle, Fana.

**Domar i dans:** Tor Underberg, Ål, Johs. Øyre, Sogndal Georg Nyborg, Bergen.